



Raud rute

Kyrkjeskogen

Ruta startar ved parkeingsplassen på skulen. Du må krysse E 134 og fylgje rutemerka frå Solheim på andre sida av vegen. Ruta er ca 5 km lang og du må rekne med ca 50 min i vanleg gangfart. Meir informasjon finn du på baksida av arket. God tur !

Ved starten av ruta står ein stor raudmåla stolpe som blir fylgt opp av mindre raude stolpar i seinare vegkryss og andre viktige vegpunkt. På dei raude stolpane er det merka små trekantar/piler med den aktuelle fargen for ruta.. Det er også sett fargemerke på steinar og trestammer for å hjelpe deg

Ruta startar ved garden Sollid, ca 190 m.o.h. Denne garden blei skilt ut som eigen gard i 1908 (frå Bruhaug) . Du fylgjer grendevegen nedover og i kanten av skogen. På venstre side ser du ned til garden Rydland. Garden blei rudd i ca 1930 og dei fleste bygningane er frå den tid.

Straks over ei lita bru ser du bort til garden Nordvoll på høgresa. Tunet fekk nytt våningsbygg i 2005, - tidlegare stod ei stoge som var flytt frå husmannsplassen Sprange. Uthuset er frå 1930. Litt lenger fram ligg plassen Myran som blei rudd tidleg på 1900-talet. I dag er det berre ei stoge som står att og garden er fråflytt. Den siste som budde her var Høye Myran som døde i 1995.

Kyrkjeskogen har i lange tider høyrte til Flatdal Kyrkje, derav namnet. Straks ein kjem inn i skogen ligg ein fin leirplass.



I skogen bak tunet på Myran kan ein om våren sjå fine skogsletter med orkideen flekkemarihand. På svensk blir denne orkideen kalla Jongfru Maria nyclar.

store blokksteinar som dels har rasa ned frå nuten og som dels har blitt frakta med isen. På austre side ser vi over til Nutheim. Men mellom Kyrkjeskogen og Nutheim har vi ei djup forsenking. Mange meiner at her har det gamle åløpet gått frå eit vatn som i sagnet blir omtala som Dalsvatn. I dag har åi Flatdøla nedløp på vestre kant av Hagabrekka. I forsenkinga i det som kan ha vore eit gammalt åløp ligg ein liten tjernpytt. Her er litt vanskeleg å koma ned, men der nede er eit spesielt fuktig lokalklima med mykje mose, urtestauder, bregner og anna vegetasjon som likar det fuktig rundt seg.

Lenger ned i skogen kjem vi inn att på stigen i Ljosløypetra-seen. Då kan vi fylgje same løypa tilbake til startpunktet.



I Kyrkjeskogen er det steinut og grusrik morene som er fin grunn for furu. Her finn vi fleire merke etter kvartærgeologi då isen smelta, bl.a. daudisgroper og morenehaugar. Stigen fylgjer lysløypetra-seen. Lenger opp i lia blir det meir skrint og mager grunn med mykje stein. Her trivst bl.a. blåklokka.

Kyrkjeskogen er ein ynda utfartsplass for ungane frå barnehagen og skulen.



Stigen går vidare forbi plassen Hagabrekka. Dette er ein gamal husmannsplass som ligg innunder Hagabrekkaåsen. Den siste som budde her var Gisle Hagabrekka. Plassen har i fleire tiår vore nytta som ferie-plass.

Når vi svingar oss nordover stigen og ut av skogen kjem vi fram til jordekanten på Åren. Dette er ein gamal gard der gamlestoga er frå ca 1850. På syttitalet kom det opp nytt våningsbygg. Like forbi eintverkstadbygg svingar ruta av frå gardsven og inn i skogen att.

For dei som er glad i å ri er turstigruta gjennom Kyrkjeskogen ein fin tur for hest og rytter.

Gjennom skogen får vi nærkontakt med geologien med mange

H.M.